



# Innkalling av Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 24.04.2023  
**Møtestad:** Alver rådhus, kantina  
**Møtetid:** 09:30 - 16:00

Eventuelle forfall må meldast til Nora Gjerde tlf. 958 51 171, epost til [nora.gjerde@alver.kommune.no](mailto:nora.gjerde@alver.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

**Merknader:**

**Kl. 09.30-**11.30: Felles samling for eldrerådet og RMNF i kantina. Tema: Workshop - tenesteanalyse for menneske med utviklingshemming.  
kl. 12.00: Felles orienteringsmøte for ER/RMNF  
Deretter held RMNF fram sitt møte for siste orientering og vedtakssaker.

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
016/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
017/23	Godkjenning av møteprotokoll – 13.03.2023
018/23	Meldingar og orienteringar til RMNF - 24.04.2023

17. april 2023

Magne Bjørndal  
møteleiar

Nora M. K. Gjerde  
møtesekretær

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 17.04.2023

Saksframlegg

<b>Saksnr.</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
016/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	24.04.2023

### **Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 11.04.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
017/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	24.04.2023

### Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

### Vedlegg i saken:

14.03.2023      Protokoll - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.03.2023      1896258



# Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 13.03.2023  
**Møtestad:** Alver rådhus, kantina  
**Møtetid:** 12:00 - 14:30

Det var felles orienteringsmøte for RMNF/Eldrerådet i kantina på rådhuset kl. 12.00. Deretter held RMNF fram møtet med handsaming av vedtakssaker.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Jan Arild Lindaas	SAFO	Medlem
Reidar Knutsen	SAFO	Medlem
Liv Erstad	FFO	Medlem
Magne Bjørndal	FFO	Utvalsleiar

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Svein Arne Vabø	SAFO	Medlem
Bente Orlen Westervik	FFO	Medlem
Jannicke Helland	FFO	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Roy Bø	H	Sølvi Gripsgård Knudsen
Erling Jacobsen	FFO	Jannicke Helland

## Følgjande frå administrasjonen møtte:

Eva Mikkelsen-rådgjevar Helse og omsorg, Helge Kvam-fagansvarleg Helse og omsorg,  
Kari Hesjedal-avdelingsleiar Helse stab, Leif Bjørnar Hopland-fagansvarleg Oppvekst stab,  
Nora Gjerde-politisk sekretariat.

## Sakliste

Saknr	Tittel
011/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
012/23	Godkjenning av møteprotokoll

- 013/23 Bustadplan - val av representantar til referansegruppe  
014/23 Plan for legetenesta 2023-2026  
015/23 Meldingar og orienteringar til RMNF - 13.03.2023

### **011/23: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 13.03.2023:**

#### **Behandling:**

Endring rekkefølge saksliste: Sak 011, 012, 015, 013, 014/23.  
Ellers ingen merknader, samrøystes.

#### **RMNF- 011/23 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

### **012/23: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 13.03.2023:**

#### **Behandling:**

Møteprotokoll frå møte - 06.02.2023 vert godkjent, samrøystes.

#### **RMNF- 012/23 Vedtak:**

Møteprotokoll frå møte - 06.02.2023 er godkjent.

## **013/23: Bustadplan - val av representantar til referansegruppe**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Val av representantar til referansegruppe:

Representantar frå Eldrerådet:

1. ...
2. ...

Representantar frå RMNF:

1. ...
2. ...

Representantar frå Ungdomsrådet:

1. ...
2. ...

### **Eldreråd 13.03.2023:**

#### **Behandling:**

Det vart sett fram forslag på leiar Olav M. Steinsland og nestleiar Jostein Dale som eldrerådet sine representantar til referansegruppa for Bustadplan. Steinsland og Dale vart samrøystes valde.

#### **ER- 014/23 Vedtak:**

Val av representantar frå eldrerådet til referansegruppe:

1. Olav M. Steinsland
2. Jostein Dale

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 13.03.2023:**

#### **Behandling:**

Det vart sett fram forslag på Svein Arne Vabø-SAFO og Reidar Knutsen-SAFO som RMNF sine representantar til referansegruppa for Bustadplan.

Vabø og Knutsen vart samrøystes valde.

**RMNF- 013/23 Vedtak:**

Representantar frå RMNF til referansegruppa for Bustadplan:

1. Svein Arne Vabø-SAFO
2. Reidar Knutsen-SAFO

**Ungdomsråd 13.03.2023:**

**Behandling:**

Orientering i saka v/Robert Lorang Hansen.  
Felles framlegg om at Sondre Heldal og Isak Haaland vert representantar til referansegruppen.

**UR- 010/23 Vedtak:**

Sondre Heldal og Iska Haaland vert representantar til referansegruppen.  
Samrøystes vedteke

**014/23: Plan for legetenesta 2023-2026**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtar Plan for legetenesta 2023-2026 slik den ligg føre.

**Eldreråd 13.03.2023:**

**Behandling:**

Tord Moltumyr-tenesteleiar lege- og rehabiliteringstenesta orienterte og svara på spørsmål.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:

*Eldrerådet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med følgjande tillegg:*

- Eldrerådet ser det som viktig å oppretthalda ei desentralistert legetenesta slik det kjem fram i Plan for legetenesta 2023-2026.
- Eldrerådet meiner kommunen må påvirka sentrale styresmakter til å få gjort noko med flaskehalsen knytt til LIS 1-ordninga (lege i spesialisering - del 1).

Eldrerådet vedtok samrøystes felles framlegg til uttale.

#### **ER- 015/23 Vedtak:**

Eldrerådet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med følgjande tillegg:- Eldrerådet ser det som viktig å oppretthalda ei desentralistert legeteneste slik det kjem fram i Plan for legetenesta 2023-2026.- Eldrerådet meiner kommunen må påvirka sentrale styresmakter til å få gjort noko med flaskehalsen knytt til LIS 1-ordninga (lege i spesialisering - del 1).

#### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 13.03.2023:**

##### **Behandling:**

##### **Fellesframlegg:**

Rådet takkar for ein god og gjennomarbeidd plan. Det må visast fleksibilitet m.o.t. om legar er næringsdrivande eller tilsette av kommunen. Det må og stillast nok midlar til rådvelde, slik at legetenesta vert stabil og omfattande nok. Rådet støttar vegvala i kapittel 5, særleg 5.1 om fastlege nær innbyggjarane.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **RMNF- 014/23 Vedtak:**

##### **Uttale i RMNF - 13.03.2023:**

Rådet takkar for ein god og gjennomarbeidd plan. Det må visast fleksibilitet m.o.t. om legar er næringsdrivande eller tilsette av kommunen. Det må og stillast nok midlar til rådvelde, slik at legetenesta vert stabil og omfattande nok. Rådet støttar vegvala i kapittel 5, særleg 5.1 om fastlege nær innbyggjarane.

#### **015/23: Meldingar og orienteringar til RMNF - 13.03.2023**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar og orienteringar vert tekne til orientering.



## **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 13.03.2023:**

### **Behandling:**

1. Tord Moltumyr-tenesteleiar lege- og rehabiliteringstenesta orienterte om plan for legetenesta 2023-2026
2. Eva Mikkelsen-prosjektleiar orienterte om arbeidet med Prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift.

Orienteringar 1. og 2. vart gjevne i felles orienteringsmøte for ER/RMNF.

I RMNF var det følgjande orienteringar:

Leif Bjørnar Hopland-fagansvarleg Oppvekst stab orienterte om retningslinjer/praksis knytt til SFO-tilbod/tilsyn/avlasing for born med spesielle behov.

Merknad:

Orientering 4. "Framkomst gangveg - Knarvik" gjekk ut, og vert sett opp igjen i neste møte.

Ellers ingen merknader, samrøystes.

### **RMNF- 015/23 Vedtak:**

Meldingar og orienteringar vart tekne til orientering.

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 13.04.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
018/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	24.04.2023

### **Meldingar og orienteringar til RMNF - 24.04.2023**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i råd for menneske med nedsett funksjonsevne

#### **Saksopplysningar**

Det vert lagt fram følgjande meldingar og orienteringar:

1. Prosjekt leing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift – status v/Eva Mikkelsen-prosjektleiar
2. Fysioterapi-tilbodet i kommunen – orientering v/Siri Bye-avdelingsleiar
3. Kommunepsykolog-tenesta – aktivitet og ventetid – orientering v/John Petter Wadseth-fagansvarleg
4. Gangveg-systemet i Knarvik v/Inger Marie Jordal-tenesteleiar Eigedomsforvaltning

Orientering 1-3 vert gjevne i felles orienteringsmøte for ER/RMNF.

**Kl. 09.30-11.30:** Felles «workshop» for eldrerådet og RMNF.

Tema: Tenesteanalyse personar med utviklingshemming.